

- Me kan Ryfylke!

På tur med Restauration

Ryfylke Livsgnist er stolte over å kunna tilby turar med den nybygde sluppen Restauration. I mai/juni er me klare til å ta imot grupper på tur, og me tilbyr ei sjøreise heilt utanom det vanlege. Her vil ein bli servert både historier frå tida rundt den første utvandringa, og ein vil få servert smakebitar av maten dei mest truleg hadde med seg på ferda over til Amerika.

Den nye Restauration er bygd på Ryfylke Trebåtbyggeri på Finnøy, og me gler oss til å ta folk med på segltur på Ryfylkefjordane.

Restauration segla frå Stavanger til New York i 1825. 52 personar kryssa Atlanteren på leit etter eit betre liv, og no får me høve til å oppleva litt av korleis det må ha vore. At det var trøgt om plassen er det lita tvil om.

Me tilbyr turar for grupper som ønsker eit fiks ferdig opplegg, men me er og fleksible med tanke på destinasjonar, innhald og tidsbruk.

Ein tur med Restauration blir ei kulturell oppleving der me legg vekt på gode historier, interessante smakar frå svunne tider, kystkultur og utvandringshistorie.

Ta kontakt med oss, så syr me saman den turen som passar for di gruppe. Restauration kjem til å ha base på Finnøy, men kan og gå turar med andre utgangspunkt. Kun fantasien og sjøkartet set grenser for kvar me kan segla. Velkomen!



Rekka og delar av dekket på Restauration. Vakkert handverk, no snart klar for sjøsetjing.

Vår, sommar og Ryfylkespel



Foto: Lars Idar Waage

Ryfylkespelet er det perfekte svaret når du treng ei kjekk lagbyggingsaktivitet som ikkje tek helle dagen og ikkje kostar meir enn det smakar. Me pakkar vårt 24 kvadratmeter store Ryfylkekart i bilen vår og kjem og spelar kvar det måtte vera! Me kan lova god stemning og venskapeleg tomat-kamp. For meir informasjon sjå www.ryfylkelivsgnist.no.

Ryfylke Livsgnist:

Tor Øyvind Skeiseid

tor@ryfylkelivsgnist.no

Leif Arild Steen

leif@ryfylkelivsgnist.no

Helene Ringen Vestbø

helene@ryfylkelivsgnist.no

Kåre Vignes

kare@ryfylkelivsgnist.no